

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Bergen HF

DATO: 21.01.2018
SAKSHANDSAMAR: Marthe Hammer og Clara Gjesdal
SAKA GJELD: **Årsrapport innovasjon 2018**

STYRESAK: 13/19 0

STYREMØTE: 30.01.2019

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret i Helse Bergen HF tar årsrapporten om innovasjon til orientering.

Oppsummering

Føretaket har satsa målretta på innovasjon i fleire år. Nettsida idemottaket.no har vore i drift sidan 2013, og er ein viktig kanal for å få inn gode idéar og forslag som kan betre måten vi driv sjukehus på. Per 31. desember 2018 låg det 212 ulike prosjekt i idémottaket, på same tid i fjor låg det 153 prosjekt i idémottaket.

Fakta

Arbeidet med innovasjon er forankra den nye strategiplanen for 2017-2022, Helse Vest sin innovasjonsstrategi og i styringsdokumentet for 2017.

I oppdragsdokumentet (2017) frå Helse- og omsorgsdepartementet blir det og peikt på at helseføretaka må styrke innovasjonssamarbeidet handlingsplan for oppfølging av HelseOmsorg21-strategien. I tråd med desse føringane har det ved Haukeland mellom spesialisthelsetenesta og næringslivet i samsvar med regjeringa si universitetssjukehus vorte gjennomført mykje god innovasjonsaktivitet på sjukehuset som årsrapporten vil vise. Me har bla fått tildelt innovasjonspartnerskap frå Innovasjon Norge og tildelt Forskingssenter for klinisk behandling frå Noregs Forskingsråd.

Idemottaket.no er ei nettside med ein elektroniske postkasse der *alle* som vil, kan legge inn idear. Idémottaket er også eit innovativt støttesystem.

Føretaket har delteke i den nasjonale piloten for 2018, og vil vere med også i 2019. Det vert arbeida kontinuerleg med å tilpasse registreringa i tråd med nye nasjonale føringar, og oppdaterte versjonar av verktøyet.

Konklusjon

Satsinga på innovasjon i føretaket har resultert i mange gode tiltak og prosjekt som forbetrar tilbodet til pasientane. Fortsatt satsing på innovasjon vil vere viktig for å utvikle tenestene.